



Referat soknerådsmøte 20.februar 2025

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag
20.02.2025
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for Svein Lunde
dagen:

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	Leiar x
Anne Marie Røed	Nestleiar x
Tom Rydland	Medlem x
Anne Kristin Skår	Medlem x
Håkon Rydland Sæbø	Medlem x
Mette Elisabeth Lambach	Medlem x
Lilli Anne Drønen Jæger	Medlem x
Kari Raunholm	Medlem x
Olav J. Oma	Sokneprest x
Gisle Levåg	kommunal representant Meldt forfall
Wenche Andersen Helland	1. vara Meldt forfall
Kopi til varamedlemer	

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2025/12	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2025/13	012.1	Godkjenning av referat frå sist møte	

2025/14	Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2025/15	Nye vedtekter for gravplassen	X
2025/16	Løn til ungdomar som er klokkarar og kyrkjetenarar	X
2025/17	Meldingar	X
2025/18	Open post	X

Vedlegg

1. Gjeldande vedtekter for Fitjar kyrkjegard
2. Framlegg til nye gravplassvedtekter
3. Arbeidsavtale for kyrkjevevja

Sak 2025/12 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Svein orienterte først om å ta inn ei ekstra ei tilleggssak vedr. anbud på arbeid på gravplassen. Det blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2025/13 012.1 Referat frå sist møte

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Nokre redaksjonelle endringar blei teke opp og diskutert

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 16.01.2025, med nokre merknader om å skrive tydeligare kva som er vedreke der det ikkje er framlegg til vedtak i saker.

Sak 2025/14 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

Soknepresten legg fram ei kort orientering om det som har hendt i kyrkjelyden, planar framover og andre aktuelle tema som er kommen til sidan sist møte.

- Fortalte om ei kjekk tårnagenthelg, med godt oppmøte. Spesielt gledelig at mange ungdomar deltek og tek ansvar.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2025/15 Nye vedtekter for gravplassen

På sist møte i soknerådet fekk kyrkjevevja i oppdrag å førebu framlegg til nye gravplasvedtekter for Fitjar. Dei nye vedtektene, som og skal ha status som lokal forskrift, vert no lagt fram for første gangs behandling i soknerådet.

Arbeidet med nye gravplassvedtekter må innehalda desse postane i slik rekkjefølgje:

1. Kyrkjevevja lagar forslag til vedtekter
2. Forslaget vert drøfta med statsforvaltaren
3. Kyrkjevevja legg fram saka til første gongs behandling i soknerådet
4. Forslag til vedtekter vert lagt ut på høyring
5. Innspela frå høyringa vert vurderte og vedtektene vert evt. justerte
6. Soknerådet sluttar seg til vedtektene og gjer greie for saksgang og innspel
7. Saka vert sendt til statsforvaltaren for godkjenning
8. Vedtektene må kunngjerast på Lovdata. Vedtektene må også gjerast kjent i aviser og på relevante nettsider, før dei vert teken i bruk.
9. Originalen til vedtektene vert den versjonen som ligg på Lovdata sine nettsider

Med det arbeidet som er gjort er me no kommen til pkt. 3 på lista. Kyrkjevevja har vore i digitalt møte med ein representant frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Det er dei som til slutt skal godkjenna vedtektene. På møtet kom det fram ein del avklaringar som kan gjera oss tryggare på at vedtektene kan verta godkjende på første forsøk.

I vedtektene sin § 5 er det teke med at me vil stengja deler av gravplassen for kistegraver. Årsaka til dette er behov for fornying av gravfelt, og at det kan vera graver som er uråd å bruka for

kistegravlegging utfrå grunnforhold, nærleik til nabograv og liknande. Etter lova og forskrifta har me ikkje høve til å stenga våre gravfelt for urner.

Der det er etablert minnelundar skal reglane for dei vera med i vedtektene for gravplassen. Me har planar om snarast å få etablert minnelund hos oss, men har fått råd om å revidera vedtektene og få dette inn parallelt med planarbeidet for minnelunden.

Utanom dei formelle vedtektene kan soknerådet fastsetja enkle ordensreglar som kan ta for seg t.d. orden, åtferd og tryggleik på gravplassen. Slike ordensreglar går ikkje inn i forskrifta og kan enkelt endrast av soknerådet. Det er teke med eit døme på dette i slutten av vedtektsdokumentet.

Dersom soknerådet vil gjera endringar i framlegget som no ligg føre, bør saka sendast tilbake for meir administrativ behandling. Då vil me kunna kvalitetssikra endringar før det vert lagt ut på høyring.

Gravplasslova kan de sjå her: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1996-06-07-32>

Gravplassforskrifta kan de sjå her: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-01-10-16>

Vedtak

1. Soknerådet sluttar seg til «Forskrift om gravplassvedtekter Fitjar kommune Vestland fylke» slik den ligg føre - med redaksjonelle endringar i § 7, og nummerering av dei siste paragrafane i vedtektene
2. Forskrifta skal leggjast ut på høyring fram til 21. mars 2025

Sak 2025/16 Løn til ungdomar som er klokkarar og kyrkjetenarar

På sist møte ba soknerådet om å få opp ei sak om løn til ungdomar som er klokkarar og kyrkjetenarar. Bakgrunnen er at soknerådet kan fastsetja om tenestene som klokkar og kyrkjetenar utelukkande skal vera dugnadsbasert, eller om me skal halda fram med ei delt løysing som me har i dag.

Prest, kantor, klokkar og kyrkjetenarar må vera til stade på kvar gudsteneste for at gudstenesta skal kunna gjennomførast etter oppsett program. Difor skil desse funksjonane seg frå andre positive og viktige tenester som vert utført i gudstenesta.

Kyrkjelyden har mange positive frivillige som stiller opp som kyrkjevertar, kaffikokkarar, nattverdsmedhjelparar og frivillige som deltek med song og musikk. Dette arbeidet gjev gudstenestelivet i Fitjar eit skikkeleg løft, men det er ikkje å rekna som obligatorisk for å gjennomføra ei gudsteneste.

I lova om trussamfunn er det eit eige kapittel om kyrkja. Der står det m.a. i § 14:

§ 14.Finansiering av Den norske kirke

Staten gir tilskudd til prestetjenesten og kirkens virksomhet nasjonalt og regionalt. Staten kan også gi tilskudd til andre kirkelige formål.

Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.

I Fitjar gjev kommunen tilskot som skal dekkja løn for kontor, kyrkjetenar og klokkar ved gudstenester og kyrkjelege handlingar gjennom året. Kyrkja og kommunen har gjennom mange år hatt ei ordning med at kyrkja får tilskotet, men kan velja å bruka det på andre føremål, dersom klokkarar og kyrkjetenarar utfører arbeidet på dugnad. Tidlegare vart tilskotet brukt på kyrkjelydsprest. Etter at ordninga med kyrkjelydsprest vart avslutta har tilskotet vorte brukt til trusopplæring. I samband med budsjettarbeidet vert det rekna ut kor mykje det vert brukt på klokkarar og kyrkjetenarar som er løna, og kva innsparing det er som fylgje av det frivillige arbeidet. Det er nettosummen her som kjem fram i budsjettet.

For tida har me fire kyrkjetenarar som deler på oppgåva med om lag ein sundag i månaden på kvar. To av desse er vaksne og utfører tenesta som frivillig arbeid, medan dei to andre er ungdomar som får løn for arbeidet. Når det gjeld klokkartenesta er det fem personar som går i turnus med ein sundag på kvar. I denne tenesta er det fire vaksne personar som utfører frivillig arbeid medan ein ungdom får løn for tenesta.

Det er greitt om soknerådet avgjer korleis me skal praktisera dette framover. Ungdomane som er løna er i faste stillingar og kan ikkje seiast opp utan vidare. Som kyrkjeverje meiner eg det er positivt med ei delt løysing slik me har i dag, m.a. for å få unge medarbeidarar med i gudstenesta.

Framlegg til Vedtak:

1. Soknerådet ynskjer at tenesta som klokkar og kyrkjetenar framleis kan gjennomførast med frivillige krefter og ungdomar som får løn
2. Så lenge det er råd å rekruttera nye frivillige medarbeidarar ber soknerådet om at balansen mellom frivillige og løna medarbeidarar skal halda fram om lag som i dag
3. Soknepresten og kyrkjeverja frå fullmakt til å gjennomføra rekruttering av nye medarbeidarar i tråd med dette vedtaket

Anne Marie Røed har sendt mail til soknerådsmedlemmene og der gjort tydelig og godt greie for si meining om saka, og føreslår difor å utsetja saka. Det blei stemt over. 3 stemte for å utsetje saka, 6 stemte for å diskutere saka i møtet og lage vedtak.

Soknerådet hadde ein lang og god diskusjon der ulike syn blei drøfta. Ein kom samrøystes fram til å stemme for kvart punkt i forslag til vedtak. Forslag til endring i vedtaket var å ta ut pkt. 2 då pkt. 1 kan omfatta det som kjem fram i pkt. 2
Ordlyden i pkt. 3 blei endra slik “ Sokneprest og kyrkjeverja får fullmakt til å gjera avtale med nye medarbeidarar i tråd med dette vedtaket

Soknerådet stemte så for kvart pkt. slik:

1. Soknerådet ynskjer at tenesta som klokkar og kyrkjetenar framleis kan gjennomførast med frivillige krefter og ungdomar som får løn
Vedteke mot 3 stemmer; Anne Marie Røed, Tom Rydland og Håkon R.Sæbø stemte mot
2. Så lenge det er råd å rekruttera nye frivillige medarbeidarar ber soknerådet om at balansen mellom frivillige og løna medarbeidarar skal halda fram om lag som i dag
Blei einstemmig vedteke at dette pkt. kan utgå
3. Soknepresten og kyrkjevevja får fullmakt til å gjennomføra avtale med nye medarbeidarar i tråd med dette vedtaket
Vedteke mot 3 stemmer; Anne Marie Røed, Tom Rydland og Håkon R.Sæbø stemte mot

Vedtak

1. Soknerådet ynskjer at tenesta som klokkar og kyrkjetenar framleis kan gjennomførast med frivillige krefter og ungdomar som får løn
2. Soknepresten og kyrkjevevja får fullmakt til å gjennomføra avtale med nye medarbeidarar i tråd med dette vedtaket

Sak 2025/17 Meldingar

Under meldingar vil det verta orientert om desse sakene:

- a) Arbeidsavtale for kyrkjevevja (soknerådsleiaren)
- b) Arbeidet med «Kyrkja vår» og strategidokumentet (soknerådsleiaren)
- c) Referat frå diverse utval (soknepresten)
- d) Status for gravplassprosjektet (kyrkjevevja)
- e) Arbeidet med årsrekneskap og årsmelding/årsrapport (kyrkjevevja)
- f) Etablering av gjevarteneste (kyrkjevevja)
 - *Pr. i dag ca 30 givarar som tilsaman gir 100.000. Ser for seg at ein skal kunne klare å nå mange fleire og få inn opp mot 250.000kr, som skal gå til trusopplæring*
- g) Leir på Helgaton (soknepresten, Anne Kristin og Kari er med i komiteen)
 - *Er 46 påmeldt til no, er plass til fleire. Når me flest mogleg med vår annonsering på kyrkja sine sider, på infoskjerm og dele facebookarrangement?*
- h) Ny varmestyring i kyrkja (kyrkjevevja)
- i) Gudstenesteforordning for Fitjar (soknepresten)
 - *Kor mange gudstenester skal det vera i kyrkja på Fitjar? Me har gudsteneste kvar sundag unnateke ein mellom jul og nyttår og ønsker det same for det neste året. Sparetiltak ser ikkje ut til å ramme kyrkja på Fitjar dette året.*
- j) Konfirmantfest 7. mai
Kyrkjevevja spør om soknerådet kan vera med å hjelpa til med arbeidet til festen om det trengs

- k) Evt. gudsteneste på Kråko Gjestetun 22. juni (soknepresten)
- *Dette er under Fitjarfestivalen. Soknerådet ønsker å undersøkje om gudstenesta kan vera i teltet/sentrum den søndagen. Ein vil og prøve å få til arrangementet "Salmer på pub" under Fltjarfestivalen*

Vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande.

Sak 2025/18 Open post

Ingen saker til denne posten

Sak 2025/19 Fullmakt til å inngå avtale med entreprenør til ny gravplass

Harald Rydland la fram anboda frå Engevik & Tislevoll og K.Volden AS som var ganske like. Engevik & Tislevoll kan ferdigstillast arbeidet 16.mai og var rimelegast.

Han ber om fullmakt for å inngå avtale og det blir samrøystes vedteke.

Vedtak:

Soknerådet gjev fullmakt til at soknerådsleiar og kyrkjeverge til å inngå avtale entreprenør om gjennomføring av arbeidet med nytt gravfelt